

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 23/2020 Handsaming av framlegg til risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|-----------------|------------|---------|
| Richard Nesheim | 23.11.2020 | 23/2020 |

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

“Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).
”

VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|-----|------------|---------------|---|
| 1 | 23.11.2020 | Sekretariatet | Utkast - Risiko- og vesentlegheitsvurdering |
| 2 | 23.11.2020 | Sekretariatet | Utkast - Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll Lærdal kommune 2020-2023 |

Uprenta vedlegg: referat frå arbeidsmøta 21 og 23 oktober.

Bakgrunn:

Kommunelova fastset at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide høvesvis ein plan for på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon, og ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planane skal vere basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemnd, og verksemda i kommunen sine selskap/kommunen sine eigarskap. Det vert vist til kommunelov §§ 23-3 og 23-4.

Kontrollutvalet starta det førebuande arbeidet knytt til utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vinteren 2020. Gjennom innhenting av informasjon og dokumentasjon samt gjennomføring av møtedagar den 21.og 23. oktober 2020 har kontrollutvalet henta inn grunnlagsinformasjon for ei ny risiko- og vesentlegheitsvurdering. Basert på informasjonen og innspela kontrollutvalet har fått i prosessen, er det laga eit utkast

til risiko- og vesentlegheitsvurdering. På bakgrunn av denne er det utarbeidd utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023.

I dette møtet skal Kontrollutvalet gjennomgå utkasta, innarbeide endringar og fastsetje endelege dokument. Etter møtet skal dokumenta sendast over til kommunestyret for endelig handsaming.

Dersom kontrollutvalet har behov for å nytte meir tid på arbeidet med å ferdigstille dokumenta må prosessen vidare fastsetjast i møtet.

UTKAST:

Risiko og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)

LÆRDAL KOMMUNE, 2020-2023

Utkast: 23.11.2020

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-2 ligg det til kontrollutvalet sitt ansvar og mynde mellom anna å sjå til at det utførast forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarskapsinteresser i, samt at det først kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleiving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-3 fastset at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan som viser på kva for område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Tilsvarande slår kommunelova § 23-4 fast at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. I likskap med plan for forvaltningsrevisjon skal plan for eigarskapskontroll baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Denne risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse) er utarbeidd som ledd i kontrollutvalet i Lærdal sitt arbeid med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for valperioden 2020-2023.

2. FRAMGANGSMÅTE OG INVOLVERING

Denne analysen har vore gjennomført etter følgjande hovudsteg:


1. Tinging og innspel frå kontrollutvalet
2. Gjennomgang av tidlegare overordna analysar, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2015-2019.
3. Gjennomgang av anna relevant dokumentasjon, herunder:
 - a. Årsrekneskap og årsmelding for 2019
 - b. Kommunebarometeret for 2019
 - c. KOSTRA-statistikk
 - d. Gjennomførte tilsyn frå Fylkesmannen i førre planperiode
 - e. Rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar i førre planperiode
4. Arbeidsmøtedagar der kontrollutvalet gjennomførte samtaler med/ intervjuar ordførar, rådmann, politiske gruppeleirarar, tillitsvalde, hovudverneombod, kommunalsjefar og utvalde tenesteeiningsleirarar
5. Oppsummering i kontrollutvalet og fornys analyse

6. Handsaming av risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kontrollutvalet

Føremålet med arbeidet har vore å identifisere område og verksemder som ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Resultatet av prosessen, og kva område kontrollutvalet har definert som prioriterte område, vil bli presentert nedanfor. Først følgjer eit oversyn over teoretisk fundament og vesentlege omsyn som har vore nytta i risiko- og vesentlegheitsvurderingane.

3. TEORETISK FUNDAMENT OG VESENTLEGE OMSYN


Det er nytta ein eigen modell for korleis ein skal kunne identifisere dei mest relevante områda for revisjon. Teoretisk er modellen forankra i statsvitenskap, organisasjonsteori og COSO ERM¹ og tek utgangspunkt i kommunal verksemd og tenestetilbod. Skjematiskt vil val av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko ved verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "trakterer" ut prosjekt i 4 overordna steg. Dette kan illustrerast slik:



4. Val av prosjekt

¹ The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Management

Vurderingar, prioritering og val skjer i høve til ulike kriteria:




Eit grovkorn døme på denne tilnærminga kan knytast til skulesektoren. Kommunen har ansvaret for grunnskulen. Opplæringslova inneheld både føremål og krav; krav til kva kommunen pliktar, elevane sine rettar og kva som er føremålet med skuleopplæringa. Dette gjev føringar som den einskilde kommunen må ta inn over seg.


For å etterleve desse føringane, må kommunen setje inn fleire former for input; t.d. ressursar, planlegging, organisering og eigne målsetnader. Dette for å kunne ta elevane gjennom skulegangen og utruste den einskilde slik mål og formål for "sluttproduktet" tilseier.

I heile denne prosessen vil det vere risiko for at mål og føremål ikkje kan overhaldast. Risiko handlar her om å identifisere sannsynlegheita for at skuleaktivitet ikkje vert utøvd i samsvar med mellom anna lovverk, planar, strategiar og budsjett. Med andre ord risiko for avvik frå regelverk mv., og mangelfull verksemd og tenestetilbod.

Den skisserte tilnærminga er knytt til å finne dei vesentlege områda innanfor kommunen der risikoen for mangelfull verksemd og tenestetilbod i størst grad er til stades. Dette kan illustrerast slik:



Endeleg prioritering av områda for revisjon skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlegheit for at manglar/avvik skal inntrefje og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit):



For kontrollutvalet har det vore veklagt at modellen tar høgde for område og revisjonsprosjekt som har ein førebyggjande karakter. Det vil seie at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på område der det potensielt ligg fare for at verksemda og tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande, og slik sett bidra til forbetring av kommunen si verksemd og tenestetilbod.

4. IDENTIFISERTE OMråDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Nedanfor er dei områda kontrollutvalet gjennom prosessen har identifisert som aktuelle for forvaltningsrevisjon lista opp. Rekkefølga inneber ikke noko form for rangering eller prioritering av områda.

BUDSJETT OG ØKONOMISTYRING

Gjennom samtalane med både politisk og administrativt nivå kjem det fram at det er betydeleg grad av usikkerheit i høve til den økonomiske situasjonen til kommunen. Dette kjem mellom anna som følgjer av at dei økonomiske resultata for kommunen har vore svake gjennom mange år. Nette driftsresultat i 2019 var negativt med 1,2%. Dette er langt under tilrådinga frå Teknisk Berekningsutval som tilrår eit netto driftsresultat på 1,75% over tid. Vidare har kommunen høg lånegjeld. Denne var i 2019 på 113% av driftsinntektene, noko som er over lands-snittet på 110%. Resultata frå 2. tertial 2020 viser at kommunen styrer mot eit negativt resultat og i 2020. Vidare er det kjent at inntektene knytt til kraftinntekter vil gå vesentleg ned i 2021. Dette vil medføre strenge krav til budsjettetdisiplin og god økonomistyring i 2021.

I 2017 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjonsrapport med tema knytt til økonomistyring i kommunen. Denne rapporten kom med ei rekke tilrådingar knytt til betring av rutinar og system i kommunen. Dette gjekk mellom anna på oppdatering av økonomireglement, oppdatering og eller utarbeiding av delavtalar mellom Aurland og Lærdal kommune knytt til løn og rekneskap, utarbeiding av meir detaljerte skildringar av roller og ansvar på økonomiområdet, utarbeiding av skriftlege retningslinjer og rutinar for budsjettarbeid og oppfølging av budsjett. Vidare tydeleggjering av krav til innhald og form på rapportering. Samt kartlegging av kva kompetanse og oppfølging det er behov for på økonomiområdet og sikre at leiarar og andre tilsette har naudsynt kompetanse for å utføre dei oppgåvane dei har ansvar for.

Det går føre seg eit arbeid med utarbeiding av nytt økonomiregelverk og innkjøpsregelverk. Dette skal etter planen bli klart og leggast fram til vedtak i kommunestyret i løpet av 2020.

Sjølv om det var utført ein forvaltningsrevisjon på området i 2017, så tilseier den økonomiske situasjonen til kommunen at tema knytt til økonomistyring framleis bør vere høgt prioritert.

Kontrollutvalet har gjennom arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga fått tilbakemeldingar som tilseier at det er ei oppfatning om at det i delar av organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg kompetanse knytt til økonomi og økonomistyring.

Ut frå dette vil eit aktuelt prosjekt kunne vere ein gjennomgang og kvalitetssikring av kommunen sine rutinar for budsjettering og økonomistyring. Sikrar rutinane at budsjetta er realistiske og tek høgde for dei kostnadane som er i tenesteproduksjonen? Har kommunen gode og tidsriktige rapporteringsrutinar som sikrar at leiinga og dei folkevalde får relevante rapportar i rett tid, slik at tiltak kan setjast i verk dersom det er avvik mellom rekneskap og budsjett? Har leiarane i kommunen tilstrekkeleg økonomikunnskap til å sikre god styring?

ARBEIDSMILJØET I KOMMUNEN

Som arbeidsgjevar har Lærdal kommune ei rekke plikter ovanfor sine tilsette, som utgjer ein relativt sett stor del av innbyggjarane i kommunen. Ei av dei sentrale pliktene som arbeidsgjevar er å sørge for at dei tilsette har eit forsvarleg arbeidsmiljø, både fysisk og psykososialt.

Manglar eller avvik knytt til kommunen sine plikter som arbeidsgjevar kan ha store konsekvensar, både for dei direkte involverte og for kvalitet og effektivitet i kommunen sitt tenestetilbod til innbyggjarane.

Kommunen har dei siste åra hatt stort sjukefråvære i ulike sektorar. Det har variert over tid korleis dette har vore. Men det har vore høgt sjukefråvære både innan oppvekst (skule og barnehage) og pleie og omsorg (både institusjon og heimetenesta)

Gjennom arbeidet som ligg til grunn for risiko- og vesentlegheitsvurderinga har kontrollutvalet fått opplysningar som tilseier at det i delar av organisasjonen er uro i arbeidsmiljøet. Det vert mellom anna gitt utrykk for at samarbeidet dei tilsette opplever med sin leiar varierer mykje frå leiar til leiar. Det vert stilt spørsmål ved om leiarane har «tid til å leie», eller om dei er fullt ut opptekne med administrative oppgåver. Det vert og gitt utrykk for at omorganiseringa i kommunen har gjort at ein på einskilde område ikkje har klart for seg kven som er ansvarleg. Innan pleie og omsorg spesielt har det vore mykje uro knytt til leiings-situasjonen og særleg har arbeidet kring turnusplanar medført mykje uro. Dette er og omtala i årsmeldinga til kommunen for 2019.

Alt dette kan medføre press på arbeidsmiljøet og utgjer ein risiko knytt til auke i sjukmeldingar m.v. Det vert og gitt utrykk for at arbeidspresset i enkelte einingar har vore høgt og at tilsette er «endringstrøyte». Det kan difor føreligge forbetringspotensiale når det gjeld arbeidsmiljø og personalpolitikk.

I lys av dette kan det vere aktuelt å sjå nærare på arbeidsmiljøet i Lærdal kommune generelt, og/eller arbeidsmiljøet i enkelte einingar spesielt, herunder til dømes:

- Korleis er arbeidsmiljøet i kommunen, generelt og/eller i spesifikke einingar?
- Innfrir kommunen sine lovpålagte plikter knytt til krav til arbeidsmiljø?
- Har leiarar med personalansvar tilstrekkeleg kompetanse når det gjeld arbeidsmiljø og personalleiing?
- Kva tiltak vert gjort, og bør gjerast, for å sikre løpende fokus på arbeidsmiljø og personalpolitikk, særleg i einingane der arbeidspresset er størst?
- Vert verneombod og tillitsvalde involvert i tilstrekkeleg grad i saker som gjeld arbeidsmiljøet?

Som nemnt over kan det vere at ei slik undersøking må avgrensast til ei spesifikk eining. Til dømes oppvekst, eller pleie og omsorg.

INTERNKONTROLL OG AVVIKSHANDTERING

Kommunen har ei lovpålagt plikt til å drive internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og reglar vert etterlevd. God internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering er avgjerande for å sikre at kommunen si drift skjer i tråd med gjeldande regelverk på ulike område. Det er rådmannen som har det øvste ansvaret for internkontrollen.

Kommunen er til dømes underlagt strenge reglar for handsaming av sensitiv informasjon. Mykje av informasjonsstraumen i kommunen er IKT-basert; til dømes pasientjournalar, PPT-utgreiingar, barnevernssaker og postjournalar. Gode internkontroll-rutinar kring informasjonshandsaming er naudsynt og vesentleg

Viktige element i eit internkontrollsysteem er dokumentstyring, avvikshandtering og risikoanalyse. Kommunen har innført bruk av systemet Compilo som mellom anna skal sikre at alle rutinar og arbeidsbeskrivingar skal vere tilgjengeleg for alle tilsette, samt sikre melding av avvik.

Gjennom arbeidet med risiko og vesentlegheitsvurderinga har kontrollutvalet fått tilbakemeldingar om at avvikssistema ikkje alltid blir nytta og nokre stiller spørsmål om i kva grad avvik blir følgt opp og lukka.

Med bakgrunn i dette kan det vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon den ein mellom anna ser nærmare på:

- Kor vidt kommunen ivaretok sine plikter når det gjeld internkontroll og avvikshandtering
- Har kommunen tilfredsstillande rutiner for innrapportering og handtering av avvik, og vert rutinene etterlevd?
- Har leirarar og tilsette tilstrekkeleg kunnskap til bruk av kvalitetssystemet, og til når avvik skal meldast?

PLEIE OG OMSORG

Det går fram av arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga at Pleie og omsorg er det området der ein over tid strevar mest med å halde budsjettet. Delen av innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon i Lærdal (13,6%) er høgare enn snittet for samanliknbare kommunar (12,6%) og lands-snittet som (11,9%).

Netto driftsutgifter per innbyggjar til helse og omsorgstenester (som og inkluderer legetenesta) i Lærdal ligg langt over snittet for Kostra-gruppe 2 og fylkesgjennomsnittet. I høve til landsgjennomsnittet ligg kostnadane i Lærdal per innbyggjar endå høgare.

Det er dyrare å drive institusjonsplassar, enn t.d. omsorgsbustader, eller heimetenester. Dette kan vere ein indikasjon på kvifor tenestene er dyrare i Lærdal enn i samanliknbare kommunar.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre er det grunn til å tru at det jamt over er god kvalitet på tenestene som blir levert.

Dei tema som har blitt trekt fram som kan vere aktuelle for nærmare undersøking er mellom anna:

Er det noko med organiseringa av pleie- og omsorgstenestene i Lærdal som gjer at kostnadane er høgare enn i andre kommunar? Er rapporteringa av kostnader rett?

Jobbar ein nok tverrfagleg for å gje eit best mogeleg tilbod til brukarane av tenestene?

Korleis sikrar ein i kommunen eit likt tenestetilbod? Er det gode retningslinjer for inntak til institusjonsplass, som sikrar likehandsaming? Er terskelen for å få plass på institusjon for låg?

BU OG MILJØTENESTA

Bu og miljøtenestea står for tenesteleveranse til ressurskrevjande og sårbare grupper. Kommunen har eit særleg ansvar i å ivareta rettigheiter og behov til desse gruppene. Dette er vidare eit område der kommunen brukar betydelege midlar i tenesteproduksjonen.

Med samhandlingreforma fekk kommunen ytterlegare oppgåver og ansvar, og frå og med 1.1.2017 fekk kommunen ansvar for akutt plassering innan rus og psykiatri.

Det kan vere aktuelt å sjå nærare på om kommunen har god nok kvalitet på tenestene til desse sårbare gruppene. Følgjer kommunen opp sitt ansvar for å sikre at kvaliteten på tenestene er god nok?. Eit anna aktuelt spørsmål er om kommunen har eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta når det gjeld oppfølging av t.d. pasientar med rus- eller psykiatriske problem. Det kan og vere aktuelt å sjå på om kommunen driv denne tenesta på ein mest mogleg effektiv måte økonomisk. Er organiseringa av tenesta optimal både fagleg og økonomisk?

INVOLVERING AV TILLITSVALDE OG VERNEOMBOD

Lærdal kommune har både plasstillitsvalde og hovudtillitsvalde som representerer ulike fagforbund, samt verneombod og hovudverneombod.

Både lovverk og tariffavtaler stiller krav til informasjon til og involvering av tillitsvalde og verneombod på visse område/ i visse saker. Gjensidig forståing for kvarandre sine roller og god informasjonsflyt kan ha stor tyding for at samarbeidet mellom tillitsvalde, verneombod og arbeidsgjevar skal fungere.

I ein forvaltningsrevisjon kan det mellom anna vere aktuelt å sjå nærare på:

- Innfrir kommunen som arbeidsgjevar sine plikter når det gjeld involvering av, informasjon til og drøfting med tillitsvalde og verneombod, både etter lovverk og tariffavtaler? Herunder; blir tillitsvalde og verneombod involvert på tilstrekkeleg tidleg tidspunkt i ulike prosessar/ saker?
- Har arbeidsgjevar (herunder leiarar), tillitsvalde og verneombod tilstrekkeleg forståing for kvarandre sine roller og plikter, og i kva for saktyper tillitsvald og/eller verneombod skal eller bør involverast?

INNKJØP OG ANBOD

Som kommune gjer Lærdal kommune årleg ei rekke innkjøp, av alt frå ordinært utstyr til bruk i drifta, til større investeringar og prosjekt.

Offentlege innkjøp er underlagt eit strengt regelverk (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrift), og det krevst god kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande rutinar for å sikre at regelverket vert etterlevd gjennom heile innkjøpsprosessen. Gjennom innkjøpsprosessar blir det forvalta offentlege midlar i stort omfang, og gode innkjøpsprosessar i tråd med regelverket er avgjerande for å sikre at kommunen får leveransar av god kvalitet, til rett tid og til god pris. Eventuelle avvik frå regelverket kan få store konsekvensar, t.d. i form av at kommunen betaler for mykje for tenestene, ikkje får tenester av tilfredsstillande kvalitet, eller i form av risiko for rettslege tvistar som følgje av påstandar frå leverandørar om at regelverket ikkje er etterlevd. Erfaringsmessig er det også lett å trå feil i dette relativt komplekse regelverket. Kommunen har dei siste åra hatt fleire tilfeller av brot på regelverket, som har medført kostnader for kommunen.

I forvaltningsrevisjonsrapporten frå februar 2020 om internkontroll og innkjøp i teknisk drift konkluderer forvaltningsrevisor med at innkjøpskompetansen ikkje er tilstrekkeleg, verken i sentraladministrasjonen eller i eininga teknisk drift.

Det har hausten 2020 pågått eit arbeid i kommunen med oppdatering av økonomi- og innkjøpsregelverket i kommunen, men dette regelverket har i skrivande stund ikkje vore politisk handsama. Uavhengig av at ein får på plass oppdatert regelverk og rutinar, vil det vere sentralt å sikre at nye og betre rutinar vert følgt opp i praksis.

Det kan vere verdifullt, etter at nye rutinar og system har fått verke ei tid, å ta ein ny gjennomgang i høve til offentlege innkjøp og anbod i Lærdal kommune. Aktuelle problemstillingar kan t.d. vere:

- Etterlev kommunen regelverket om offentlege anskaffingar?
- Har kommunen tilfredsstillande retningslinjer for anskaffingsprosessar, og korleis vert desse praktisert?
- Har kommunen tilfredsstillande kompetanse knytt til regelverket om offentlege anskaffingar?
- Korleis vert anbod og endeleg kontrakt utarbeidd og forhandla?

BARNEVERN

Barnevernstestenester er tenester med «høg risiko» sidan konsekvensen ved feil eller mangelfull teneste kan verte stor. Av denne grunn bør alltid barnevernstestenester vere del av ei risiko- og vesentlegheitsvurdering.

I løpet av perioden kan ein vurdere om det er aktuelt å sjå på kvalitet og organisering av barnevernstestesta, og om barnevernet leverer dei tenestene dei er lovpålagt å gjere på ein god måte. Har ein tilstrekkeleg kompetanse?, vert fristane for oppfølging følgt? Får borna den oppfølginga dei har krav på?

Vidare om barnevernstestesta har god samhandling med andre tenester for barn og unge.

EIGEDOMS- OG BYGGFORVALTNING/OPPFØLGING AV VEDLIKEHALD

Lærdal kommune er ein relativt stor bygningseigar, og gjennom risiko- og vesentlegheitsvurderinga har det frå fleire blitt peikt på at det kan ligge forbettingspotensiale innan kommunen si eigedoms- og byggforvaltning – spesielt knytt til vedlikehald.

Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon kan mellom anna vere:

- Korleis fungerer Lærdal kommune si eigedoms- og byggforvaltning opp mot tenestene kommunen skal yte?
- Har ein gode prosessar knytt til evaluering og oppfølging av vedlikehaldsbehovet i kommunen
- Langtidsverknader- og kostnader ved at vedlikehaldsbehov blir utsett – vert kostnadane for kommunen større på lengre sikt ved å spare på vedlikehald på kort sikt?
- Er det tilstrekkeleg forståing mellom politisk og administrativt nivå når det gjeld vedlikehald av kommunen sine eigedelar?

OPPVEKST/SKULE

Oppvekstsektoren er ein stor og viktig sektor, der det naturlegvis kan ha store konsekvensar dersom det førekjem manglar eller avvik ved tenestetilbodet.

Når det gjeld grunnskulen viser statistikken at kommunen kjem ut noko under landsgjennomsnittet når ein ser på oppnådde resultat. Elevane på meistringsnivå 3-5 i lesing ligg på 73,3%, mot 75% for landsgjennomsnittet utanom Oslo. Oppnådde grunnskulepoeng i snitt er 40, mot landsgjennomsnitt på 41,7.

Samtidig er kostnadane høge. Driftsutgiftene per innbyggjar i alder 6-15 år er kr 166 191, mot kr 139 840 for snittet i Kostragruppe 2.

Eit tema som har blitt trekt fram gjennom arbeidet med risiko og vesentlegheitsanalysen er spørsmålet om kommunen brukar for mykje ressursar på spesialundervisning og også om dei timane ein nyttar på spesialundervisning blir nyttar på feil årstrinn. Vi ser at det er mindre spesialundervisning i småskulen og betydeleg meir på mellomsteget. Årstimar til spesialundervisning ligg på 185,8, mot 148,7 for Kostragruppe 02.

Problem med skolemiljø/mobbing har det vore mykje fokus på dei seinare åra. Ut frå opplysingane i kommunebarometeret ligg trivselen til elevane i Lærdal over landsgjennomsnittet

Dei mest aktuelle områda å sjå på innan sektoren er desse:

- Er det spesielle årsaker som gjer at Lærdal kommune ligg høgt på bruken av spesialundervisning? Er resultata i skulen tilfredsstillande i høve til ressursinnsatsen i høve til andre kommunar.
- Ressursbruken i skulen generelt – kvifor ligg kommunen så høgt i kostnadsnivå samanlikna med samanliknbare kommunar?
- Får elevane ved skulane eit tilfredsstillande skuletilbod i tråd med gjeldande regelverk? Er det eit likeverdig tenestetilbod ved dei to skulane i kommunen?
- Har ein god nok tverrfagleg innsats mellom skulane, skulehelsetenesta og barnevernet for å forebygge at elevar får problem med gjennomføring av skulegangen

SOGN LOKALMEDISINSKE SENTER

Forvaltningsrevisjon av drifta av Sogn LMS var med i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det har i arbeidet med ny plan kome nokre signal om at ein vil ha med dette prosjektet vidare.

Av årsmeldinga går det fram at Sogn LMS er eit samarbeidsprosjekt innan helse- og omsorgstenester mellom Helse Førde og seks kommunar i Indre Sogn. Eininga driftar legevaktcentral, legevakt, kommunale akutte døgnplassar og kommunepsykolog. I 2019 var det vel 11 årsverk ved eininga. Økonomisk har eininga drifta innanfor budsjett i 2019.

Det har vore noko usemje mellom kommunane om fordeling av kostnader og det er kjent at Årdal kommune ynskjer ein gjennomgang for å sjå om eininga blir driven på ein rasjonell måte. Etter at Sogn LMS no har vore i drift i nokre år i drift kan det vere aktuelt å ta ei evaluering av om ein når målsetjingane med samarbeidet, og om dette skjer innanfor ei forsvarleg økonomisk ramme. Det kan og vere aktuelt å sjå nærmare på om fordelingsnøkkelen mellom kommunane gir ei rettvis fordeling av kostnader mellom kommunane.

| | | | |
|--|---|---|----|
| Internkontroll og avvikshandtering | H | H | HH |
| Pleie og omsorg | M | H | MH |
| Bu og Miljøtenesta | M | H | MH |
| Innvolering av tillitsvalde og verneombod | M | H | MH |
| Innkjøp og anbod | M | H | MH |
| Barnevern | M | H | MH |
| Eigedoms- og byggforvaltning – oppfølging av vedlikehald | M | M | MM |
| Oppvekst/skule | M | H | MH |
| Sogn LMS | M | M | MM |
| Vurdering av organiseringa av kommunen | M | M | MM |
| Helse | M | H | MH |
| Sjølvkost | M | M | MM |

Vektinga av risiko og vesentlegheit er ei relativ vurdering mellom dei einskilde områda for å få fram dei områda som kontrollutvalet meiner bør prioriterast for forvaltningsrevisjon. Områda som er utevla er veka høgast i denne samanhengen.

6. EIGARSKAPSKONTROLL

OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontollelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda vert drive innan råmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den enskilde verksemdu sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i dei aktuelle verksemndene

I følgje skatteetaten sitt aksjonærregister hadde Lærdal kommune følgjande eigarskap i aksjeselskap ved utgangen av 2019:

Omsetning og resultat oppgjeve i heile tusen.

| Direkte eigarskap aksjeselskap | Eigarandel (prosent) | Omsetning 2019 | Resultat 2019 |
|----------------------------------|----------------------|----------------|---------------|
| Okken Kraft Holding AS (konsern) | 100 | 104 809 | 15 559 |
| Øyraplassen 14 AS | 100 | 61 | -197 |
| Norsk Villakssenter Reiseliv AS | 100 | 262 | 31 |
| Lærdal Næringsutvikling AS | 65,9 | 2 562 | 303 |
| Sognlab AS (A-aksjar) | 6,5 | 3 002 | 83 |
| Sognlab AS (B-aksjar) | 3 | 3 002 | 83 |

| | | | |
|----------------------------------|-------|--------|--------|
| Visit Sognefjord AS | 4,9 | 12 295 | -80 |
| Vitensenteret i Sogn og Fjordane | 3,6 | 435 | -559 |
| Sogn og Fjordane Holding AS | 2,15 | 0 | 47 245 |
| Sognahallen AS | 1,13 | 5 510 | 700 |
| Kommunekraft AS | 0,312 | 2 000 | 397 |

Vidare er kommunen i deltakar i følgjande føretak og samarbeid:

- SIMAS IKS (6,65%)
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd

Det er i denne planperioden sett i verk ein selskapskontroll knytt til SIMAS IKS. Denne vert ferdigstilt hausten 2020. Ut over dette er det ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll.

RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING: AKTUELLE EIGARSKAPSKONTOLLAR 2020-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekkja risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggjarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksamdskritiske tenester til kommunen

Behovet for eigarskapskontroll kan vere størst i dei interkommunale selskapa som yt sentrale tenester til kommunen sine innbyggjarar. Når det gjeld SIMAS IKS pågår det p.t. ein felles forvaltningsrevisjon som blir

gjennomført av samtlege eigarkommunar i SIMAS. Det er difor vurdert å vere mindre behov for ein eigarskapskontroll av SIMAS IKS i perioden 2021-2023

Når det gjeld aksjeselskap kan det vere nyttig med ein gjennomgang og klargjering av kva som er formålet med det kommunale eigarskapet i det enkelte selskap. Det er viktig med ein klar strategi på kva selskap kommunen skal vere medeigar i og korleis kommunen skal opptre. Ein slik gjennomgang er dels gjort gjennom eigarskapsmeldinga kommunen la fram i januar 2019. I risiko og -vesentlegheitsvurderinga er det ikkje kome fram opplysningar som tilseier eit særskilt stort behov for eigarskapskontroll i visse selskap. Det har kome fram at Lærdal kommune har få heileigde aksjeselskap, men har derimot mindre eigarpostar i ei rekke aksjeselskap, jf. oversikta over. Det er vurdert som mindre aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll i aksjeselskap der kommunen berre har ein liten eigardel.

Lærdal kommune har sin største aksjepost (i verdi) i Okken Kraft Holding AS. Lærdal kommune eig mellom 66 og 100% i selskapa Lærdal Næringsutvikling AS, Norsk Villakssenter Reiseliv AS og Øyraplassen 14 AS. Dette er og verksemder som held til i Lærdal kommune og bidreg til aktivitet i kommunen. Det er i november 2020 vedteke å avvikle Lærdal Næringsutvikling AS og drive næringsarbeidet direkte i kommunal regi.

Gitt ovannemnde peikar særleg følgjande selskap seg ut som aktuelle for eigarskapskontrollar i planperioden 2020-2023 (i prioritert rekjkjefølgje):

- Okken Kraft Holding AS (konsern)
- Øyraplassen 14 AS

Aktuelle problemstillingar i eventuelle eigarskapskontrollar av desse føretaka kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen /det kommunalt eigde eigarselskapet har tydelege føringer for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringer i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom selskapet og kommunen er tilstrekkeleg avklart

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

LÆRDAL KOMMUNE 2020-2023

Utkast: 23. november 2020

FØREORD

Kontrollutvalet har i fellesskap med sekretariatet for kontrollutvalet utarbeidd utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i Lærdal kommune.

Ein har i denne valperioden valt å utarbeide eitt felles plandokument som omhandlar både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planen er basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og av kommunen sin eigarskap, i tråd med kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planen er resultat av ein prosess der kontrollutvalet og sekretariatet mellom anna har gjennomgått relevant informasjon og gjennomført arbeidsmøtedag med intervju med politikarar, administrasjon, utvalde leiarar samt hovudtillitsvalte og hovudverneombod i kommunen. Kontrollutvalet har deretter analysert informasjonen som er kome fram i prosessen, gjennomført risiko- og vesentlegheitsvurdering og utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2019-2023. Risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) er utarbeidd i eit separat dokument. Planen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret.

Føremålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Lærdal kommune og kommunen sine eigarskap som skal prioriterast med tanke på forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i inneverande valperiode.

Det vert føreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).

Lærdal, 23.11.2020

Njål Kaardal Golf

Kontrollutvalsleiar

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL FOR PLANEN

Etter kommunelova § 22-3 bokstav c) skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemد og av selskap kommunen har eigarinteresser i, og etter bokstav d) skal kontrollutvalet sjå til at det først kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 23-3 (1) definert som:

"å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak".

I kommunelova § 23-3 (2) og (3) er det vidare slått fast at:

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Kommunestyret kan deleger til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen."

Etter kommunelova § 23-4 (1) inneber eigarskapskontroll:

"å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring."

I likskap med det som gjeld for forvaltningsrevisjon, er kontrollutvalet i kommunelova § 23-4 (2) pålagt å utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sitt eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Også planen for eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret, som kan deleger til kontrollutvalet å gjere endringar i planen, jf. § 23-4 (3).

Kontrollutvalet er også pålagt plikter når det gjeld rapportering og oppfølging av forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5 skal kontrollutvalet:

"[...] rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner eller eierskapskontroller og resultatet av dem."

og

"[...] påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp."

Kontrollutvalet legg fram for kommunestyret plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter kommunelova §§ 23-3 og 23-4 med utgangspunkt i ei overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering. Overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering og utkast til plan er utarbeidd av sekretariatet og kontrollutvalet i fellesskap,

og handsama i kontrollutvalet. Det overordna føremålet med planen er å identifisere område innanfor kommunen si verksemd som skal prioriterast for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planen vil gjelde ut inneverande valperiode og til ny plan vert vedteken.

OMGREPA VESENTLEGHEIT OG RISIKO

Slik det går fram av kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vere basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og kommunen sin eigarskap. Føremålet med ei slik risiko- og vesentlegheitsvurdering er å få fram relevant informasjon om verksemderområda og eigarinteressene til kommunen, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Endelig prioritering av områda for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlighet for at manglar/avvik skal inntrefje, og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit). Det er områda med høg risiko og høg vesentlegheit, som til slutt reknast som prioriterte område for revisjon og kontroll:

Risiko – handlar om faren for avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som gjeld for den kommunale verksemda mv. Føremålet med risikovurdering er å identifisere område der det er fare for at den kommunale verksemda, verksemda i kommunale selskap eller kommunen sine eigarinteresser ikkje vert utført på den måten den skal bli utført. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- lover og forskrifter
- føremål og målsetnader
- organisering
- reglement
- planverk og strategiar
- budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og der avvik eller manglar kan få store konsekvenser, slik at ein dermed kan prioritere område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll). Identifiseringa har skjedd gjennom filtrering ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:

- KOSTRA
- benchmarking (samanliknande evaluering)
- brukarperspektivet
- økonomi
- aktualitet

I punkt 2 nedanfor er det gjort greie for dei prioriterte områda for forvaltningsrevisjon. Den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse) gir ei nærmare skildring både av prosessen for gjennomføring av risiko- og vesentlegheitsvurderingane, herunder teoretisk fundament, prioriterte omsyn, framgangsmåte og involvering av deltagarar, samt nærmare omtale av dei identifiserte områda.

Aktuelle eigarskapskontollar går fram av punkt 3 nedanfor. Her vert det og gitt ei oversikt over rammene for eigarskapskontrollen, status over Lærdal kommune sine eigarskap, samt ei vurdering av aktuelle eigarskapskontollar. Det er ikkje gjort ei konkret prioritering av aktuelle eigarskapskontollar, og kontrollutvalet ber om fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og kva for problemstillingar eigarskapskontollen skal omhandle. Det vert vist til den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga for nærmare omtale av dei vurderingar som er gjort i samband med aktuelle eigarskapskontollar i perioden 2020-2023.

Avslutningsvis er det i punkt 4 gitt ei skildring av rutinar for gjennomføring, oppfølging og rapportering av det enkelte forvaltningsrevisjons- og eigarskapsprosjekt.

2. PRIORITERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet har prioritert dei identifiserte områda for forvaltningsrevisjon som ligg i risiko- og vesentlegheitsvurderinga. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå desse overordna omsyna:

- liv og helse
- sikring av verdiar
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet
- prioritert risiko frå gjennomgangen i kommunen

I tillegg har kontrollutvalet veklagt følgjande kriterium/omsyn:

- forbettingspotensiale
- føremålseffektivitet
- kostnadseffektivitet
- produktivitet
- aktualitet
- tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet tilrår prioritet for følgjande område for forvaltningsrevisjon i inneverande planperiode:

1. Budsjett- og økonomistyring
2. Arbeidsmiljøet i kommunen
(alternativt undersøking innan oppvekst, eller pleie og omsorg)
3. Oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning
4. Internkontroll og avvikshandtering
5. Pleie og omsorg – med fokus på årsaker til høge kostnader i tenesta, kva kan forklare at Lærdal nyttar mykje meir ressursar enn samanliknbare kommunar
6. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
7. Forvaltningsrevisjon av egedomsforvaltninga
8. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter

For nærmere skildring og vurdering av områda vert det synt til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse). Her er det også gjort nærmere greie for andre område kontrollutvalet har identifisert, og dei vurderingar som ligg til grunn for den endelege risiko- og vesentlegheitsvurderinga og prioriteringa.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet og forvaltningsrevisor samarbeider om design, spissing og avgrensing av det enkelte prosjekt for forvaltningsrevisjon.

3. EIGARSKAPSKONTROLL

OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll innebefatter som nemnd å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjør dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontrolelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda drivast innan råmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den enskilde verksemd sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

KONTROLLUTVALET SIN RETT TIL INNSYN OG UNDERSØKINGAR I SELSKAP

Kommunelova § 23-6 inneheld reglar om kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap. Lova slår her fast at kontrollutvalet:

“[...] kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgavefellesskap
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjene.

Opplysninger etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kommunen og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende og har rett til å være til stede i disse møtene.

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.”

EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER LÆRDAL KOMMUNE SINE EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i dei aktuelle verksemndene

Kontrollutvalet har som ledd i risiko- og vesentlegheitsvurderinga gjennomgått eigarmelding for Lærdal kommune 2018, samt skatteetaten sitt aksjonærregister per 31.12.19. Lærdal kommune hadde følgjande eigarskap i aksjeselskap pr. 31.12.2019:

| Direkte eigarskap aksjeselskap | Eigarandel (prosent) | Omsetning 2019 | Resultat 2019 |
|----------------------------------|----------------------|----------------|---------------|
| Okken Kraft Holding AS (konsern) | 100 | 104 809 | 15 559 |
| Øyraplassen 14 AS | 100 | 61 | -197 |
| Norsk Villakssenter Reiseliv AS | 100 | 262 | 31 |
| Lærdal Næringsutvikling AS | 65,9 | 2 562 | 303 |
| Sognlab AS (A-aksjar) | 6,5 | 3 002 | 83 |
| Sognlab AS (B-aksjar) | 3 | 3 002 | 83 |
| Visit Sognefjord AS | 4,9 | 12 295 | -80 |
| Vitensenteret i Sogn og Fjordane | 3,6 | 435 | -559 |
| Sogn og Fjordane Holding AS | 2,15 | 0 | 47 245 |
| Sognahallen AS | 1,13 | 5 510 | 700 |
| Kommunekraft AS | 0,312 | 2 000 | 397 |

Vidare er kommunen i deltar i følgjande føretak og samarbeid:

- SIMAS IKS (6,65%)
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd

Det er i denne planperioden sett i verk ein felles selskapskontroll knytt til SIMAS IKS. Denne vert ferdigstilt hausten 2020. Ut over dette er det ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll.

AKTUELLE EIGARSKAPSKONTOLLAR 2020-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekka risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggjarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksemdukritiske tenester til kommunen

Kontrollutvalet syner til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse), der vurderingane knytt til aktuelle eigarskapskontollar er nærmere skildra. Slik det går fram av risiko- og vesentlegheitsvurderinga framstår særleg Okken Kraft Holding AS og Øyraplassen 14 AS som aktuelle for eigarskapskontroll denne planperioden.

Aktuelle problemstillingar i ein eigarskapskontroll kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen har tydelege føringar for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringar i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom kommunen og det kommunalt eigde/ interkommunale selskapet er tilstrekkeleg avklart

Kontrollutvalet ber om å få fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og dei nærmere problemstillingane i eigarskapskontollen.

4. GJENNOMFØRING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING

Kontrollutvalet sitt ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt plikter knytt til oppfølging og rapportering, er nærmere omtalt i punkt 1 over.

Kontrollutvalet vil, med utgangspunkt i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vedteken av kommunestyret, tinge forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontollar.

Eventuelle endringar og omprioriteringar i planen ligg til kommunestyret, men myndet kan bli delegert til kontrollutvalet etter kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3). Slik delegering vert foreslått, slik at kontrollutvalet undervegs i planperioden kan gjøre endringar og omprioriteringar dersom ein skulle finne grunnlag for det.